

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 190/2021

av 9. juli 2021

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1755 av 24. november 2020 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus coagulans* DSM 32016 som tilsetjingsstoff i fôr til spedgrisar og avvande smågrisar, fjørfe meinte for slakt og prydfuglar (innehavar av godkjenninga: Biochem Zusatzstoffe Handels- und Produktionsges. mbH)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1760 av 25. november 2020 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* DSM 25841 som tilsetjingsstoff i fôr til alle svineartar, medrekna purker bortsett frå diegjevande purker, for å oppnå ein gunstig verknad hjå spedgrisar (innehavar av godkjenninga: Chr. Hansen A/S)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1761 av 25. november 2020 om godkjenning av L-cysteinhydrokloridmonohydrat framstilt ved gjæring med *Escherichia coli* KCCM 80109 og KCCM 80197 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1762 av 25. november 2020 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* DSM 32324, *Bacillus subtilis* DSM 32325 og *Bacillus amyloliquefaciens* DSM 25840 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt og alle fjørfeartar som vert fôra opp for eggproduksjon eller avl (innehavar av godkjenninga: Chr. Hansen A/S)⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1764 av 25. november 2020 om godkjenning av dinatrium-5'-inosinat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium stationis* KCCM 80161 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

(1) EUT L 395 av 25.11.2020, s. 5.

(2) TEU L 397 av 26.11.2020, s. 6.

(3) TEU L 397 av 26.11.2020, s. 10.

(4) TEU L 397 av 26.11.2020, s. 14.

(5) TEU L 397 av 26.11.2020, s. 21.

- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1795 av 30. november 2020 om godkjenning av jarnkelat av lysin og glutaminsyre som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1796 av 30. november 2020 om godkjenning av L-glutamin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* NITE BP-02524 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1797 av 30. november 2020 om godkjenning av L-valin framstilt av *Escherichia coli* KCCM 80159 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1798 av 30. november 2020 om godkjenning av L-lysinmonohydroklorid framstilt av *Corynebacterium glutamicum* DSM 32932 og L-lysinulfat framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KFCC 11043 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 10) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1799 av 30. november 2020 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Komagataella phaffii* CGMCC 12056 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner og andre fjørfe meinte for eggproduksjon (innehavar av godkjenninga: Andrés Pinaluba S.A.)⁽¹⁰⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 11) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1800 av 30. november 2020 om godkjenning av mononatriumglutamat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80188 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 12) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 13) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 375 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1379), skal nye nummer lyde:

⁽⁶⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 27.

⁽⁷⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 31.

⁽⁸⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 36.

⁽⁹⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 39.

⁽¹⁰⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 43.

⁽¹¹⁾ TEU L 402 av 1.12.2020, s. 46.

- ”376. **32020 R 1755:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1755 av 24. november 2020 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus coagulans* DSM 32016 som tilsetjingsstoff i fôr til spedgrisar og avvande smågrisar, fjørfe meinte for slakt og prydfluglar (innehavar av godkjenninga: Biochem Zusatzstoffe Handels- und Produktionsges. mbH) (EUT L 395 av 25.11.2020, s. 5).
377. **32020 R 1760:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1760 av 25. november 2020 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* DSM 25841 som tilsetjingsstoff i fôr til alle svineartar, medrekna purker bortsett frå diegjevande purker, for å oppnå ein gunstig verknad hjå spedgrisar (innehavar av godkjenninga: Chr. Hansen A/S) (EUT L 397 av 26.11.2020, s. 6).
378. **32020 R 1761:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1761 av 25. november 2020 om godkjenning av L-cysteinhydrokloridmonohydrat framstilt ved gjæring med *Escherichia coli* KCCM 80109 og KCCM 80197 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 397 av 26.11.2020, s. 10).
379. **32020 R 1762:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1762 av 25. november 2020 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* DSM 32324, *Bacillus subtilis* DSM 32325 og *Bacillus amyloliquefaciens* DSM 25840 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt og alle fjørfeartar som vert fôra opp for eggproduksjon eller avl (innehavar av godkjenninga: Chr. Hansen A/S) (EUT L 397 av 26.11.2020, s. 14).
380. **32020 R 1764:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1764 av 25. november 2020 om godkjenning av dinatrium-5'-inosinat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium stationis* KCCM 80161 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 397 av 26.11.2020, s. 21).
381. **32020 R 1795:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1795 av 30. november 2020 om godkjenning av jarnkelat av lysin og glutaminsyre som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 27).
382. **32020 R 1796:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1796 av 30. november 2020 om godkjenning av L-glutamin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* NITE BP-02524 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 31).
383. **32020 R 1797:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1797 av 30. november 2020 om godkjenning av L-valin framstilt av *Escherichia coli* KCCM 80159 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 36).
384. **32020 R 1798:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1798 av 30. november 2020 om godkjenning av L-lysinmonohydroklorid framstilt av *Corynebacterium glutamicum* DSM 32932 og L-lysinsulfat framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KFCC 11043 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 39).

385. **32020 R 1799**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1799 av 30. november 2020 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Komagataella phaffii* CGMCC 12056 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner og andre fjørfe meinte for eggproduksjon (innehavar av godkjenninga: Andrés Pinaluba S.A.) (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 43).
386. **32020 R 1800**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1800 av 30. november 2020 om godkjenning av mononatriumglutamat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80188 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 402 av 1.12.2020, s. 46).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/1755, (EU) 2020/1760, (EU) 2020/1761, (EU) 2020/1762, (EU) 2020/1764, (EU) 2020/1795, (EU) 2020/1796, (EU) 2020/1797, (EU) 2020/1798, (EU) 2020/1799 og (EU) 2020/1800 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. juli 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 9. juli 2021.

For EØS-komiteen

Rolf Einar Fife

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.